

KONTAKTBLAD FOR **HJARTDAL**
Nr.39 Mai 2007 18.årg.

HISTORIELAG



Eit flyfoto frå 1964. Sauland trevarefabrikk, Lauvstad og Mjelland. I forgrunnen: Tryggheim - Nils Hovde's hus. (Fleire bilde i bladet)

- Saulandskart
- Skilting av Åsvegen
- Flyfotosamling
- Ny lydopptakar
- Ivar Dahl i gang med enda ei ny bok

Årsmøte

2007

Sjå side 2

Velkommen til Årsmøte 2007

På Hjarthdal KulturKafe
Onsdag 6 juni, Kl.19.00

Årsmelding - Regnskap - Valg
(Valgkomiteen har kandidatar klare, ingen blir valde mot sin vilje på møtet)
Eventuelt

Kaffi og kaker

Program elles:
Lysbilde,
Halvor Hjartsjø,
Ivar T.Dahl

Regnskapsoversikt 2006

Saldo 1.1.2006	kr	17 167,45	
Gaver og tilskot	kr	2 000,00	
Annonse Telen			kr 625,00
Porto/kontorutgifter			kr 860,00
Div. kontingentar			kr 1 250,00
Utg årsmøte 2006			kr 948,00
Div utg. til skilting - fjellvegar			kr 5 315,00
Opptaksutstyr			kr 5 145,00
Bøker kjøp-salg	kr	180,00	kr 500,00
Medlemspengar for 2005-06 59 stk	kr	5 900,00	
Renter 2006	kr	21,44	
Sum	kr	8 101,44	kr 14 643,00
Saldo 31.12.06	kr	10 625,89	

Referat frå årsmøtet 1.06.2006

Vi hadde 12 frammøtte på Tuddal Kro og Catering.

Hovudinnslaget var visning av dei to lokale historiske filmene som var omtala i forrige nummer av kontaktbladet. Det viste seg at kvaliteten på filmene var absolutt brukbar. Framvisning både på TV-skjerm og prosjektor var heilt tilfredsstillande. Mykje av tida gjekk med til kommentarar og gjenkjenning i samband med filmene. Det viser seg at det ligg eit større arbeid att dersom ein vil utgje filmene med eit tillegg av den dokumentasjonen som burde vere med i dag. Førrebels er i alle fall filmene trygga for framtida.

Sosialt samvær med kaffe, kaker og prat var sjølvsagt også ein del av programmet—som vanleg.

Årsmelding 2006

Styret dette året har vore:

Svein Erik Sletta (formann),
Aslaug Langåsdalen,
Geir Brukås,
Torkel Hytta,
Øystein Aasen,
Brit Ingjerd Hjartsjø.

Vara:

Anne Tone Hytta Larsen,
Torkel Gjerde.

Valnemnd:

Ivar Dahl,
Leif Skoje.

På valg var Svein Erik, Aslaug og Geir. Desse blei attvald. Det same blei vara og valnemnd


Vi har dette året hatt bare eitt styremøte, men mykje av arbeidet

har skjedd pr. telefon og nyare kommunikasjonsformer.
Det er arbeidd med:

Skilting fjellvegar
Kart over Sauland
Enda meir teknisk forbetring av Hjartdalsfilmen
Skanning av hundrevis av flyfoto
Uttale til søknad frå Heddal møllestiftelsen om å endre namn og føremål
Ny lydopptakar er innkjøpt, prøvd og testa

Det som står att er framleis ei rydding og forbetring av samlinga på biblioteket. Her treng vi hjelp av folk med systematiske evner som har lyst til å ta i eit tak.
(Sjå elles i bladet for omtale av dei enkelte punkta)

"Dardalen" - ein film også for historieinteresserte



Ein gjeng tuddølar produserte i 2006 ein stor film omkring den nedlagde plassen Dardalen i Stuverudgrenda. Her er det humoristiske skråblikk på mykje gammal bygdekultur, og filmen blei bra presentert i andre media. Vi vil i tillegg nemne at filmen har ein lang sekvens der Tuddal i 2006 blir filma frå fly. Dette er god dokumentasjon for framtida. Og det som kanskje er mest verdifullt frå historiesynspunktet er den flotte demonstrasjonen av tradisjonell tuddalsdialekt som særleg ein av hovudpersonane (spela av Aslaug Stuverud) gjev oss. Dette kan anbefalst. Filmen skal framleis vere i salg på DVD.

Merking av Åsvegen

Denne fine historiske turvegen mellom Heddal/Gransherad og Tuddal er rydda frå Løgndal til Bakken. Nå er det laga skilt som skal opp i sommar. Det er Ole Eivind Næss og Torkel Hytta som har stått for det meste av dette arbeidet. Skilta er produserte av Jon Bondal.

Kart over Sauland

HHL med blant andre Torkel Hytta, arbeider for å få laga eit fullverdig Saulandskart. Hjartdal og Tuddal har siste åra blitt bra dekt. Det er mykje arbeid å gjere med oppdatering av namn på kartet. Mest mulig av gammalt og nytt bør vere markert. Ein er i kontakt med kartprodusenten Anders Fossøy og Notoddenn Orienteringlag om rettigheter. Dessutan håper ein på samarbeid med skogeigarlag og kommunen og andre interesserte.

Ny lydopptakar

Tida da kassettopptakaren var greiaste medium for lydopptak, er over for lenge sidan. Men mange timar opptak gjort på denne måten ligg trygt og digitalisert på historielagets harddisk og CD-plater.

Nå har ny teknikk gjort sitt inn-tog: HHL har kjøp ein digital opptakar av god kvalitet. Denne vesle boksen krev ingen ledningar eller anna ekstrautstyr. Ein trykker bare på knappen, og opptaket er i gang. Alt blir lagra på eit lite datakort, og opptaket overførast til PC der det kan redigerast og ordnast med som ein vil. Akkurat som ved digital fotografering.

Lydkvaliteten er også mykje betre enn det ein er vant med frå lydband. Opptaka kan sjølvstendig kopierast utan kvalitetstap til CD-plater, MP3-spelarar, nyare mobiltelefonar mv.

Interesserte medlemmer kan låne denne dersom dei har noko



dei vil ta opp, eller om dei bare i første omgang vil setje seg inn i bruken. Opptaka kan fint gjerast utan noko datakunnskap, medan etterbehandling krev aldri så lite dataerfaring - dvs. lagring, filbehandling osv.

Endringar i stiftelse

I 2006 godkjende stiftelsestilsynet nytt namn og føremål for stiftelsen som eig Heddal mølle. Etter ein del arbeid med tanken om eit "skog- og tresenter", hadde styret i stiftelsen skrinlagt denne idéen. Det var ein del interesse for eit slikt senter, men ikkje stor nok, økonomisk sett. - Nytt namn er no "Stiftelsen Mølla - ny bruk". Vidare er nytt føremål for stiftelsen no meir generelt å ta vare på dei historiske og byggeskikkmessige kvalitetane til anlegget.

I det daglege vert anlegget halde nokonlunde intakt, slik at det framstår ryddig og ordentleg på sitt nivå inntil ei meir omfattande istandsetting evt. kan skje som óg ville gjere et ein kunne ta anlegget meir i bruk. Stiftelsen arbeider for om mogleg å få inn pengar/ tilskot frå ulike hald til dette.

Lesebok for folk flest. Ivar Dahls nyaste prosjekt

Ivar er i gang igjen. Etter tre ferdige praktbøker kjem nå ei bok om folketradisjon i Heddal og bygdene omkring. Små og store forteljingar, rispur, eventyr, skrønur og dokumentarstoff vil bli presentert, og særleg er det lagt vekt på å bruke dialekta i mykje av tekstene. Bl.a. ligg ein del gamle lydbandopptak bak mange avsnitt. Vi kan sjå fram til å lese folkelege tekster som speglar liv og lagnad for bygdefolk. Ikkje minst blir boka egna for høgtlesing.

Flyfoto - verdifulle historiske dokument

Vi som har levd nokre år hugsar kanskje dei dagane i 1964 da bygdene våre fekk besøk av fly som flaug att og fram mellom gardane i svært låg høgde på fine sommandagar. Det var ikkje vanleg å sjå fly på så nært hald, sjølv om flyplassen i Heddal var i full drift. Derfor kom folk seg straks ut på tunet for å sjå .

Oppdraga var sjølvsgt fotografering, og det var Widerøe's flyselskap som var ute. Seinare kom så "agentane" på døra for å selje bilda. Ikkje få heimar har framleis desse bilda på veggen, sjølv om fargefototeknikken den gong ikkje var betre enn at bilda ganske snart falma betydeleg.

Nå har det seg slik at dei fleste av desse bilda framleis er i Hjartdal kommunes eige, også i form av negativ. Desse har i svært liten grad falma. Og dermed har vi muligheten til å skaffe nye utgaver av desse bilda i bra (om noko varierende) kvalitet.

Vi har for sikkerhets skuld

skanna (digitalisert) desse bilda, da vi har erfaring for at slikt fort kan komme bort, og for at det gjer det mulig å skaffe kopiar på enkel måte.

Rettighetane til bilda er truleg heilt i Hjartdal kommunes eige. Og vi har sett at andre kommunar har gjort bilda tilgjengeleg på ulikt vis. Kva som bør gjerast her, kan historielaget gjerne ha og uttrykke meiningar om. Alt frå full frigjeving til kjøpemulighetar av enkeltbilde eller heile samlinga kan vere aktuelt.

For ordens skuld må nemnast at det har vore fleire rundar med flyfotografering. Dessutan manglar det nok nokre bilde, og ein vil sjå at lys og farger ikkje er like vellukka på alle bilda etter delvis automatisk skanning, og ein del etterarbeid står att. Men at vi har ei verdifull samling er sikkert. Opp i mot 300 bilde er det snakk om.

I tillegg finst det vel 40 svartkvitt-bilde frå 1949-1953 i samlinga. Dette er først og fremst bilde frå Sauland, og kvaliteten er stort sett bra.



Eit av fargebilda frå 1964: Vi ser store delar av nordbygda Hjartdal i bakgrunnen. I forgrunnen: Aasen



Suistugu-Bøe (bak) og Nordistugu-Bøe (fremst) i 1953. Vi skjønar kvifor Olav Lonar Bøe seinare flytte buret sitt til ei meir praktisk plassering i tunet




Enda eit flybilde fra 1964: Solheimgrenda i Tuddal. Øvst ser vi Saubø, og fremst Nord-Solheim.

www.bondalbygdetun.no

Dette er web-adressa til museet til Øystein Bondal på Suigard Nord-Bondal. Sidene presenterer garden og museet, mellom anna med smakebitar av videofilmen som blei laga for eit par år sidan.

Førebels er sidene greie nok som ein presentasjon, men mykje kan gjerast vidare. Mellom anna er det planar om å presentere gjenstandane i samlinga. Fotografering og registrering er i stor grad gjort ferdig, men ein del tekniske problem må løysast. Om nokon er kjende med databasar på web, tek vi gjerne imot hjelp.



HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Svein Erik Sletta, 3692 SAULAND

Tlf.: 350 23 391 sesletta@frisurf.no

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje,

3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011 skoje@online.no

Internett/web-adresse: <http://www.hjartdalhistorielag.no>

Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank: Kontonr.: 2699 07 04332

Bladet blir sendt alle medlemmer.

Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgje kjelde.

Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.